

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 323/2021

av 10. desember 2021

### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/932 av 9. juni 2021 om mellombels oppheving av godkjenninga av lasalocid-A-natrium (Avatec 15 % cc) og lasalocid-A-natrium (Avatec 150 G) som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar og livkyllingar (innehavar av godkjenninga: Zoetis Belgium S.A.)<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/967 av 16. juni 2021 om fornya godkjenning av mangankelat av hydroksyanalogen av metionin som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 350/2010<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/968 av 16. juni 2021 om fornya godkjenning av sinkkelat av hydroksyanalogen av metionin som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 335/2010<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/969 av 16. juni 2021 om godkjenning av L-treonin framstilt av *Escherichia coli* CGMCC 13325 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/981 av 17. juni 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av endo-1,4-betaxylanase framstilt av *Aspergillus niger* CBS 109.713 og endo-1,4-betaglukanase framstilt av *Aspergillus niger* DSM 18404 som tilsetjingsstoff i fôr til fjørfeartar, prydfuglar og avvande smågrisar (innehavar av godkjenninga: BASF SE), og om oppheving av forordning (EF) nr. 271/2009 og gjennomføringsforordning (EU) nr. 1068/2011<sup>(5)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/982 av 17. juni 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Trichoderma reesei* CBS 122001 som tilsetjingsstoff i fôr til svin og fjørfe (innehavar av godkjenninga: Roal Oy), og om

---

(1) TEU L 204 av 10.6.2021, s. 13.

(2) TEU L 214 av 17.6.2021, s. 41.

(3) TEU L 214 av 17.6.2021, s. 45.

(4) TEU L 214 av 17.6.2021, s. 49.

(5) TEU L 216 av 18.6.2021, s. 135.

oppheving av forordning (EU) nr. 277/2010, (EU) nr. 891/2010 og gjennomføringsforordning (EU) nr. 886/2011<sup>(6)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.

- 7) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/967 opphevar kommisjonsforordning (EU) nr. 350/2010<sup>(7)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 8) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/968 opphevar kommisjonsforordning (EU) nr. 335/2010<sup>(8)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 9) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/981 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 271/2009<sup>(9)</sup> og Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1068/2011<sup>(10)</sup>, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 10) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/982 opphevar kommisjonsforordning (EU) nr. 277/2010<sup>(11)</sup>, (EU) nr. 891/2010<sup>(12)</sup> og Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 886/2011<sup>(13)</sup>, som er tekne inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 11) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 12) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### *Artikkel 1*

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 411 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/758) skal nye nummer lyde:

”412. **32021 R 0932:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/932 av 9. juni 2021 om mellombels oppheving av godkjenninga av lasalocid-A-natrium (Avatec 15 % cc) og lasalocid-A-natrium (Avatec 150 G) som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar og livkyllingar (innehavar av godkjenninga: Zoetis Belgium S.A.) (EUT L 204 av 10.6.2021, s. 13).

---

<sup>(6)</sup> TEU L 216 av 18.6.2021, s. 139.

<sup>(7)</sup> TEU L 104 av 24.4.2010, s. 34.

<sup>(8)</sup> TEU L 102 av 23.4.2010, s. 22.

<sup>(9)</sup> TEU L 91 av 3.4.2009, s. 5.

<sup>(10)</sup> TEU L 277 av 22.10.2011, s. 11.

<sup>(11)</sup> TEU L 86 av 1.4.2010, s. 13.

<sup>(12)</sup> TEU L 266 av 9.10.2010, s. 4.

<sup>(13)</sup> TEU L 229 av 6.9.2011, s. 5.

413. **32021 R 0967:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/967 av 16. juni 2021 om fornya godkjenning av mangankelat av hydroksyanalogen av metionin som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 350/2010 (EUT L 214 av 17.6.2021, s. 41).
414. **32021 R 0968:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/968 av 16. juni 2021 om fornya godkjenning av sinkkelat av hydroksyanalogen av metionin som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 335/2010 (EUT L 214 av 17.6.2021, s. 45).
415. **32021 R 0969:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/969 av 16. juni 2021 om godkjenning av L-treonin framstilt av *Escherichia coli* CGMCC 13325 som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 214 av 17.6.2021, s. 49).
416. **32021 R 0981:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/981 av 17. juni 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av endo-1,4-beta-xylanase framstilt av *Aspergillus niger* CBS 109.713 og endo-1,4-beta-glukanase framstilt av *Aspergillus niger* DSM 18404 som tilsetjingsstoff i fôr til fjørfeartar, prydfuglar og avvande smågrisar (inneharar av godkjenninga: BASF SE), og om oppheving av forordning (EF) nr. 271/2009 og gjennomføringsforordning (EU) nr. 1068/2011 (EUT L 216 av 18.6.2021, s. 135).
417. **32021 R 0982:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/982 av 17. juni 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av 6-fytase framstilt av *Trichoderma reesei* CBS 122001 som tilsetjingsstoff i fôr til svin og fjørfe (inneharar av godkjenninga: Roal Oy), og om oppheving av forordning (EU) nr. 277/2010, (EU) nr. 891/2010 og gjennomføringsforordning (EU) nr. 886/2011 (EUT L 216 av 18.6.2021, s. 139).”
2. Teksta i nr. 1zzzzw (kommisjonsforordning (EF) nr. 271/2009), 1zzzzj (kommisjonsforordning (EU) nr. 335/2010), 2a (kommisjonsforordning (EU) nr. 277/2010), 2e (kommisjonsforordning (EU) nr. 350/2010), 2l (kommisjonsforordning (EU) nr. 891/2010), 2zm (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 886/2011) og 2zq (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1068/2011) opphevast.

#### Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2021/932, (EU) 2021/967, (EU) 2021/968, (EU) 2021/969, (EU) 2021/981 og (EU) 2021/982 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

#### Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. desember 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

---

(\* ) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 10. desember 2021.

For EØS-komiteen

***Rolf Einar Fife***

Formann

UOFFISIELL OMSETJING